



Budsjett 2024

Medisinsk klinikk  
Helse Førde HF

# INNHALD

1	Samandrag .....	3
2	Status og omstilling.....	4
3	Økonomi .....	9
4	Aktivitet .....	11
5	Bemanning.....	13
6	Budsjettprosess .....	15
7.	ROS analyse.....	17

# 1 Samandrag

Medisinsk klinikk legg til grunn eit netto basistilskot på nær 686,2 millionar kroner for 2024.

## Budsjettekniske føresetnader

Det er tatt omsyn til føringar som gjeld endring i kostnadsbilete for drifta i 2024:

Lønskostnader er justert med 4,9 prosent.

Driftskostnader er justert med deflator på 2,9 prosent.

Inntekter er generelt justert med deflator på 4,3 prosent.

Inntekter frå innsattsstyrt finansiering (ISF) er auka med 4,18 prosent.

Betaling av eigendelar er auka med 2,2 prosent.

Helfo sine inntekter til laboratoria og radiologi er auka med 1,7 prosent.

## Driftsøkonomi

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for medisinsk klinikk i 2023, samt eit innsparingskrav på 3,385 millionar kroner grunna auka investeringsbehov og felleskostnader i Helse Førde, har ein komme fram til følgjande basistilskot for 2024:

<b>Basistilskot 2024 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Basistilskot budsjett 2023</b>	<b>- 631 314</b>
Realendring	24 000
Krav til innsparing	- 3 385
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>20 615</b>
Prisendringar	34 270
<b>Sum basistilskot 2024</b>	<b>- 686 199</b>

Risikoen i inntektsbudsjettet er moderat. Mykje av aktiviteten/inntektene til klinikken er knytt opp mot øyeblikkeleg hjelp på tre sjukehus samt drift av laboratoria/røntgen for å støtte opp om klinisk aktivitet i helseføretaket og kommunane.

Største risikoen i 2024-budsjettet er auke i medikamentkostnader knytt til kreft og H-resept, og fortsatt vekst i kostnader knytt til medisinsk heimebehandling og laboratorietenester.

Innsparingstiltaka i budsjett 2024 blir vurdert som realistiske. Forverring i rekrutteringssituasjonen med vakante stillingar og sekundær auke i overtid og innleige utgjør størst risiko innan personalområdet.

## Aktivitet

Utgangspunktet for aktivitetsplan 2024 er ei vidareføring av prognosert aktivitet for 2023. Grunna koronapandemien kan oppnådd aktivitet i 2020-2021 ikkje nyttast som grunnlag for plan 2024.

## 2 Status og omstilling

Medisinsk klinikk har kliniske og diagnostiske avdelingar.

Dei kliniske avdelingane er medisinsk avdeling, kreftavdelinga, barne- og ungdomsavdelinga, avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering samt hudavdelinga.

Dei diagnostiske avdelingane er radiologi, patologi, mikrobiologi, medisinsk biokjemi med blodbank.

Avdeling for medisinske sekretærenester og Samhandling og tverrprofesjonelle tenester yter sørvis til begge somatiske klinikkar, psykisk helsevern og kommunane.

**Radiologisk avdeling.** Avdelinga har i 2023 innført MR diagnostikk av prostata som har vore eit etterlengta tilbod å få etablert i Helse Førde. Dette skjer etter at ein tok i bruk den nye 3 tesla MR-maskina frå seint 2022. Det er også etablert prosjekt på å få skifta ut MR på ved Nordfjord sjukehus seinhaustes 2024. I sum er kapasitet på dette området no betre enn det har vore nokon gang tidlegare, og aktiviteten den høgaste ein har hatt. Det neste store ein står ovanfor i høve utstyr/utvikling er utskifting til nye og meir moderne CT-maskiner ved alle dei tre sjukehusa. Dette vil vere viktig for mange pasientgrupper, men særskilt i høve kreftutredning og evaluering av kreftbehandling samt innan nevrologi og slagbehandling. I 2023 har det også vore stor utvikling innan mammografifagfeltet, der Helse Førde deltek i prosjekt på å ta i bruk kunstig intelligens for tyding av mammografiundersøkingar i mammografi-screeningprogrammet. Vi har også innført nye metodar og utstyr for uthenting av vevsprøvar og fjerning av mindre svulstar. Helse Førde har vidare delteke aktivt i arbeidet der Helse Vest var gitt i oppdrag å kartlegge, og kome med tiltak i høve overforbruk av bildediagnostikk. Eit resultat av dette er Helseatlas MR del 1. I løpet av 2024 vil det kome til Helseatlas både for CT-bruk og for bildediagnostikk på innlagde pasientar. Arbeidet med VeRaVest(verdibasert radiologi i Helse Vest) held også fram i 2024 både i form av tilvisingsråd og utarbeiding av kurs.

Framleis er hovudutfordringa for avdelinga rekruttering legespesialistar. Det er venta ein noko betre situasjon i 2024 enn det som har vore i 2023. Men dette må fortsatt vere eit satsingsområde. Trenden er at det vert stadig vanskelegare å rekruttere spesialistar innan radiologi.

Avdelinga deltek i ei rekke ulike prosjekt, både nasjonale, regionale og lokale forskningsprosjekt/-studiar ved inngangen til 2024,

**Mikrobiologisk avdeling** er driftmessig tilbake til normaldrift etter pandemien.

I 2023 ender ein med om lag stabilt tal analysar innan bakteriologi og serologi, og dette vert vidareført. Innan molekylærbiologi ser ein framleis noko nedgang, og dette er som venta. Samanlikna med 2019 er aktiviteten auka, og ein planlegg å vidareføre på same nivå.

Etter rekruttering av legespesialistar seinare år, har vi no to overlegar. Det vil i 2024 bli utlyst LIS-stilling ved Mikrobiologisk avdeling. Vi har likevel eit løpande behov for å rekruttere ulike fagfolk. Avdelinga har vore akkreditert etter ISO-standard for laboratorium frå 2016, og var resertifisert hausten 2022.

Avdelinga er del av tenesteutviklingsprosjektet for laboratoria som skal arbeide fram løysingar for automasjon av laboratoria samt arbeide for auka samarbeid, oppgåvegliding, modernisering samt forbetring av arbeidsprosessar.

**Avdeling for patologi** handterer diagnostikk av vevs- og celleprøver. Laboratoriet er i ein omstillingsprosess der deler av drifta vert digitalisert og automatisert. Utviklinga er nødvendig for å handtere utviklinga med aukande tal prøver og meir kompleks diagnostikk. Særskilt innan kreftdiagnostikk og -behandling aukar behovet for diagnostiske tenester. I 2023 er regionalt digitalt patologisystem vidareutvikla for digital diagnostikk av vevsprøver. Dette legg til rette for regional samhandling, og vil effektivisere og kvalitetssikre diagnostikken dei kommande åra.

Avdelinga har starta innføring av ny avansert kreftdiagnostikk (gen-sekvensering) i samarbeid med regionale og nasjonale prosjekt.

Nasjonalt program for tarmscreening vert innført i Noreg, og denne diagnostikken er eit prioritert område i avdelinga. Innføringa er ressurskrevande klinisk (i dei medisinske poliklinikkane) så vel som i laboratoriet. Krav til dokumentasjon og presisjon har auka både for screeningprøver og kliniske prøver. For å møte gjeldande krav om kvalitetssikring, arbeider avdelinga aktivt mot å bli akkreditert, samt tilpasse system mot nytt lovverk for laboratorier (IVDR).

Avdelinga har fokus på forskning med bistand til kliniske studiar, regional biobank og digital patologi. Nye medikament og ny teknologi innan fagfeltet gir gode moglegheiter for forskning og utvikling. Nye metodar i avdelinga medfører behov for å prioritere ressursar og kompetanse. Rekruttering og stabilisering er dels krevjande.

**Laboratorium medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)** skal i 2024 gjennomføre ei utskifting av eldre hematologiinstrument på lokalsjukehusa, med integrasjon til felles mellomvareløysing. Med ein modernisert utstyrspark vil ein få meir standardisering av laboratorieanalysar på tvers av sjukehusa i føretaket.

Ved Førde sentralsjukehus skal ein fram mot sommaren 2024 vidareutvikle og implementere analysar innan koagulasjon og hematologi på automasjonsløysinga. Dette vil innebere at noverande manuelle prosessar, heilt frå mottak av prøver til arkivering og utsending av prøvesvar til slutt, blir automatisert. Laboratorieprøver inngår i nesten all diagnostikk, og vidareutvikling av automasjon i laboratoria vil redusere svartider og auke kapasitet for eit stadig aukande tal prøver utan vesentleg auke i bemanning. Rørpost i det nye Livabygget vil effektivisere blodprøverundar i avdelingane frå hausten 2024.

Arbeidet mot akkreditering i høve regional plan for laboratorietenester i Helse Vest vert vidareført i 2024, i den grad ein kan avsette ressursar til dette.

Rekrutteringssituasjonen for bioingeniørar er krevjande, og laboratoriet er avhengig av å rekruttere til ledige stillingar for å lukkast med planlagt aktivitet i 2024.

### **Samhandling og tverrprofesjonelle tenester:**

Største pågåande utviklingsprosjekt vil også i 2024 vere å utvikle habiliterings- og rehabiliteringstenestene i tråd med nasjonale og regionale tilrådingar. Arbeidet skjer i samhandling med kommunane og i tett samarbeid med Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR), Barne- og ungdomsavdelinga (BUA).

Spesialfysioterapeut og grunder i Helse Førde, Elin Johnsen, har utvikla applikasjonen Pust deg betre som hjelper lungesjuka med å utføre øvelsar som løsnar, flyttar og fjernar slim. Arbeidet med bredding og implementering nasjonalt held fram med full styrke. Kommande år blir det også starta eit doktorgradsarbeid som mellom anna tar mål av seg å evaluere effekten av det digitale verktøyet.

Medisinsk heimebehandling er forvaltarar av behandlingshjelpemiddelordninga. Ordninga er ein viktig del av det utadvendte sjukehuset. Kommande år vil ein i tråd med miljøstyringssystemet ha stort fokus på å gjenbruke utstyr knytt til medisinsk heimebehandling. Samla sett vil dette gi både miljø-, driftsmessige- og økonomiske gevinstar.

I seksjonen Ergoterapi og velferdsteknologi er ein i gang med fleire framtidretta utviklingsarbeid. Mellom anna ønsker ein i samarbeid med Kreftavdelinga å implementere VR (virtuell verkelegheit) som terapeutisk tiltak ved å kunne gje menneske med kreftsjukdom avleiing frå tid, stad og sjukdom, samt ikkje-medikamentell lindring. Ein vil også, i samarbeid med dei eldre medisinske poliklinikkane og nevrologisk fagområde, arbeide fram og teste ut eit standardisert forløp for førarkortvurdering ved kognitiv svikt.

**Avdeling for Medisinsk sekretærteneste** handterer sekretæroppgaver for avdelingane i Medisinsk klinikk ved FSS, samt for heile NSH og LSH. I samarbeid med avdelingane ser ein på oppgåvedeling, betre samarbeid om ventelister, langtidsplanlegging og ulike moderniseringar gjennom teknologi som t.d. brukarstyrt oppfølging/poliklinikkar.

Ein vil i 2024 ta ut effekt av innføring av innsjekk og betaling via Imatis på lokalsjukehusa. Førebuing og endring i organisering i samband med innflytting til Liva-bygget vil vere eit fokusområde i 2024.

**Medisinsk avdeling** driv sengepostar, poliklinikk og dialyse ved alle tre sjukehus samt akuttmottak på FSS. Medisinsk avdeling starta i 2023 inkludering av pasientar i brukarstyrt poliklinikk for pasientar med inflammatorisk tarmsjukdom, IBD. Ein vil jobbe vidare med å inkludere pasientar i 2024. Det blir også jobba med brukarstyrt poliklinikk for astmapasientar.

Poliklinikkane arbeider kontinuerleg med å kunne tilby fleire pasientar video- og telefonkonsultasjonar. I november 2022 starta tarmscreeningprogrammet opp i Helse Førde med testing for blod i avføring og innkalling til koloskopi av dei med positiv prøve, og arbeidet har hatt fokus i heile 2023. Medisinsk avdeling jobbar vidare i 2024 med kapasitet og kvalitetssikring av tenesta. Avdelinga har pågåande rekrutteringsprosessar for legespesialistar, og driv utstrekt utdanningsarbeid for LIS-legar.

Det er godt samarbeid mellom seksjonane ved dei tre sjukehusa. I 2023 har både legar og sjukepleiarar ambulert ut frå FSS og mellom lokalsjukehusa for å avhjelpe drifta etter behov. I tillegg er det tett samarbeid rundt ventelister. For medisinsk avdeling er samarbeidet viktig både av omsyn til kvalitet/kontinuitet og økonomi. Særleg ser ein moglegheit for å redusere kostnader til legevikarar, så dette arbeidet vert prioritert også i 2024.

Medisinsk avdeling driv utviklingsarbeid og tenesteutvikling i samarbeid med Nye Førde sjukehus og OU-prosjektet Pasientens helseteneste. Pilot for tenesteutvikling i sengepostar har pågått i omlag 2 år ved medisinsk sengepost FSS. Arbeidsprosessar og organisering blir kontinuerleg gjennomgått og tilpassa for moderne sjukehusdrift. Planlegging av tenesteutvikling på sengepostane på begge lokalsjukehusa starta hausten 2023, og ein planlegg for gradvis innføring i 2024. Det pågår pilot for observasjonspost i medisinsk sengepost FSS, denne vil halde fram til innflytting OBS-post AKM i 2024. Arbeidsgruppe for farmasitun skal detaljere modellen til innflytting sengepostar i Liva hausten 2024.

**Barne og ungdomsavdelinga (BUA)** har gjennom 2023 hatt noko større utfordringar med å rekruttere til LIS-stillingar enn det ein har vore vane med.

I tillegg til prosjektet knytt til ny sengepost saman med Kvinneklubben i nybygget, er avansert heimesjukehus (AHS) kome i full drift hausten 2023 og prosjekt Barnepalliasjon godt i gang.

Arbeidet med å styrke habiliteringstilbodet for barn og unge held fram i 2024. Avdelinga er godt i gang med tilbod gjennom prosjektet Intensiv habilitering, samt gjennom prosjekt for Samhandlingsforløp. Avdelinga deltek i utviklingsprosjektet for framtidig habilitering og rehabilitering i Helse Førde.

Fleire tilsette er under vidareutdanningar (diabetes, epilepsi samt klinisk nyfødd-sjukepleie) noko som vil styrke pasienttilbodet og opne for ytterlegare oppgåvegliding i 2024.

BUA jobbar vidare med flytting av konsultasjonar og behandling ved poliklinikk til tilbod ved AHS. I tillegg er avdelinga knytt tett opp til andre BUA i HV i prosjekt digitale helsetenester innan AHS.

BUA har fokus på forskning. Ein overlege har fått innvilga 50 prosent forskning innan barn og unge med funksjonelle lidningar - dette fortset inn i 2024. Ein annan overlege har fått midlar til forskning innan diabetes frå 2024 av.

**Kreftavdelinga:** Fagområda onkologi (kreft) og hematologi (blodsjukdomar) er i stor utvikling. Avdelinga opplever auka aktivitet både i sengepost og poliklinikk. Nye medikament og kompliserte kombinasjonar gir budsjettmessig risiko på kostnadssida, men krev også løpande fagleg oppdatering og utvikling. Både nyoppdaga kreft og individtilpassa medikamentell behandling krev tett oppfølging av god kvalitet.

Palliativt team tilbyr ambulante tenester i tett samarbeid med kommunane. Ein planlegg for uendra drift i 2023.

Avdelinga vektlegg å delta i kliniske studiar for medikamentutprøving, og har bygd opp eit team med god erfaring på feltet. Det er gledeleg at aktiviteten er aukande, og at fleire pasientar no får tilbod om deltaking i studiar.

Avdelinga arbeider løpande med rekruttering og utdanning av nye spesialistar innan begge fagområda.

Avdelinga arbeider vidare med å auke andelen digitale konsultasjonar, og driv pågåande forbetningsarbeid for oppgåvegliding og effektivisering/tenesteutvikling, mellom anna for pakkeforløp nyoppdaga lymfom, koding og organisering av visitt i sengeposten.

**Hudavdelinga** vidarefører årleg lærings- og meistringskurs for psoriasispatientar, og vurderer å utvikle same type kurs for andre pasientgrupper. Fagutviklingssjukepleiar ved avdelinga fullførte vidareutdanning innan dermatologisk sjukepleie i juni-23, som del av kompetanseheving i avdelinga.

Dagslysrom vart ferdigstilt i 2023, og har forenkla behandling av solskader/forstadier til hudkreft. Denne behandlingsmåten sikrar riktig gjennomført behandling, og større hudområde kan behandlast utan behov for lokalbedøving. Dagslys-PDT er blitt eit svært godt supplement til vanleg PDT, for dei pasientane der denne behandlinga er eigna.

Hudavdelinga planlegg å starte brukarstyrt poliklinikk i 2024, for psoriasispatientar på tablettbehandling. Målet er å redusere behovet for fysiske kontrollar, slik at ressursar kan frigjerast.

Ein vil i 2024 framleis fokusere på oppgåvegliding frå lege til sjukepleiar, der sjukepleiarar har eigne konsultasjonar. Døme er eksemsamtale for pårørande til barn med atopisk eksem, informasjonssamtaler ved skabb, sårbehandling, vortebehandling, enklare PDT-behandling/dagslys-PDT. Oppgåvegliding vil auke kapasiteten og betre pasienttilbodet totalt sett.

Avdelinga driv desentrale poliklinikkar som alle har eigne lyseiningar. Hudlege ambulerer til Eid og Lærdal. Andel telemedisin er høg (der pasienten møter på ein utepoliklinikk), men ein må i 2024 ha vedvarande fokus på å auke andelen videokonsultasjonar (direkte til pasient) ytterlegare.

**Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering (ANRR)** driv nevrologisk poliklinikk, revmatologisk poliklinikk samt felles sengepost for nevrologi, revmatologi og rehabilitering. I 2023 har nevrologisk poliklinikk auka aktiviteten og ein har klart å snu den negative utviklinga med tanke på fristbrot. Ein vil løpande måtte arbeide med fristbrotproblematikk også i 2024.

Avdelinga har hatt klinisk nevrofysiolog (KNF) under utdanning ved Haukeland Universitetssjukehus i 2022/2023. Når avdelinga no har fått intern ressurs på fagområdet, vil vi i stor grad handtere desse pasientane sjølv. Vi kan difor redusere innleige av KNF frå HUS. Innleige frå HUS vert trappa vidare ned i 2024 etter plan. Det er fortsatt utfordrande å rekruttere LIS legar.

ANRR har 15 nevrosenger (inkl. revma) og 4 rehabsenger. ANRR er i prosess for å jobbe mot nye driftsmodellar i NFS, dette som del av OU-prosessane i Pasientens helseteneste.

ANRR vil framleis fokusere på forbetningsarbeid og tenesteutvikling, dette for å møte krav og forventningar frå brukarar og nasjonale føringar. Avdelinga deltek i fleire forskningsprosjekt/studiar innan nevrologi og revmatologi.

**Forskning.** Medisinsk klinikk har fokus på forskning. Klinikken deltek innanfor satsingsområda til Helse Førde, og har forskingsprosjekt innanfor mikrobiologi, patologi, nevrologi, revmatologi, barn, medisin og kreft. I tillegg deltek vi aktivt og i aukande grad i multisentrisk legemiddelforskning innanfor kreft og medisin. Laboratorium for medisinsk biokjemi, Avdeling for patologi og radiologisk avdeling støttar opp under mange av forskingsprosjekta.

**Øvrige innsparingstiltak.** Avdelingane i medisinsk klinikk deltek aktivt i arbeidet med å utgreie ulike ekstra innsparingstiltak. Status i høve desse er ikkje omtalt i dette budsjettokumentet.



### 3 Økonomi

#### Føresetnader i budsjett 2024:

Føresetnader for budsjett 2024 er ei vidareføring av prognosert aktivitet i 2023, med netto prisendring på 34,3 millionar kroner. I høve budsjett 2023 er det i budsjettet for 2024 innarbeidd tiltak for 3,8 millionar kroner.

Lønskostnader er justert med 4,9 prosent.

Det er lagt inn 2,9 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader.

ISF-inntektene er justert opp med 4,18 prosent. DRG pris for 2024 er på kroner 52.248,-.

Helfo inntekter til laboratoria og radiologi er justert med 1,7%.

Eigenandelsbetalinger er auka med 2,2%.

Utover dette er det nytta ei generell prisjustering på inntektene på 4,3 prosent.

Prisendringar på 34,3 millionar kroner er summert i følgjande tabell:

<b>Prisendring 2024</b>	
Lønsvekst - 4,90%	32 097
Justering pensjonskostnad	9 751
Prisvekst kostnader - 2,90%	8 669
Prisjustering ISF - 4,18%	- 13 722
Prisjustering Helfo Lab/radiologi - 1,70%	- 766
Prisjustering andre inntekter - 4,30%	- 1 760
<b>Sum prisendringar 2024</b>	<b>34 270</b>

#### Basistilskot 2024:

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:

<b>Basistilskot 2024 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Basistilskot budsjett 2023</b>	<b>- 631 314</b>
Realendring	24 000
Krav til innsparing	- 3 385
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>20 615</b>
Prisendringar	34 270
<b>Sum basistilskot 2024</b>	<b>- 686 199</b>

Realendringar lagt inn i budsjett 2024 er

- 5,0 million kroner til Medisinsk heimebehandling for å demme opp for den årlege veksten innanfor området. Dette er eit område som har synt svært høg prisvekst i 2023.
- Budsjetttramme for H-resept er styrka med 1,5 million kroner.
- Medikamentbudsjett kreft er styrke med 15 million kroner. I tillegg kjem 500.000 kroner til auka varekostnad i høve personaltilpassa diagnostikk patologi.
- Medikamentkostnader innan nevrologi er styrka med 2,0 million kroner.

## Budsjett 2024:

Med utgangspunkt i endring i ramme, prisjustering og vidareføring av tiltak budsjett 2023, blir budsjettet for Medisinsk klinikk i 2024 følgjande:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (2023 - kr.)	Budsjett 2024	Budsjett- endring B24 - B23	Prisendring B24-B23	Budsjett endring %
ISF inntekter	- 367 037	- 317 695	- 318 938	- 332 268	- 1 244	- 13 329	0,4 %
Gjestepasient inntekter	- 7 919	- 9 398	- 9 398	- 9 791		- 393	0,0 %
Poliklinikk og andre pasientinntekter	- 79 948	- 90 483	- 87 186	- 89 314	3 297	- 2 127	-3,6 %
Basistilskudd	- 518 113	- 631 314	- 631 314	- 686 199		- 54 885	0,0 %
Øremerkede midler	- 2 588	- 3 531	- 4 208	- 4 208	- 677		19,2 %
Andre inntekter	- 8 364	- 9 251	- 8 989	- 9 387	262	- 398	-2,8 %
Sum driftsinntekter	- 983 969	- 1 061 672	- 1 060 034	- 1 131 166	1 638	- 71 132	-0,2 %
Varekostnader og Helsetjenester	256 045	256 259	274 866	282 851	18 606	7 985	7,3 %
Lønn til fast ansatte og vikarer	468 224	499 121	503 399	528 065	4 278	24 667	0,9 %
Variable tillegg og overtid	61 422	41 428	40 184	42 153	- 1 244	1 969	-3,0 %
Feriepenger og sosiale kostnader	217 082	216 434	219 701	235 786	3 267	16 085	1,5 %
Lønnsrefusjoner	- 34 311	- 29 231	- 27 635	- 28 989	1 596	- 1 354	-5,5 %
Innleie av personell	17 547	9 693	3 386	3 551	- 6 308	166	-65,1 %
Diverse personalkostnad	6 833	5 413	5 176	5 376	- 237	200	-4,4 %
Reisekostnader	4 997	3 570	4 001	4 117	431	116	12,1 %
Øvrige kostnader	65 337	58 985	57 572	58 255	- 1 414	684	-2,4 %
Sum driftskostnader	1 063 175	1 061 672	1 080 649	1 131 166	18 977	50 517	1,8 %
Sum finanskostnader	- 2						
<b>Sum</b>	<b>79 204</b>		<b>20 615</b>		<b>20 615</b>	<b>- 20 615</b>	

For dei største områda er endringane frå budsjett 2023 til budsjett 2024 nærare forklart i tabellane under.

### Inntekter:

Endringane innanfor pasientinntekter (ISF inntekter, gjestepasientinntekter og poliklinikk - andre pasientinntekter) vert oppsummert i følgjande tabell:

Pasientinntekter	B24	B23	B24-B23
<b>Budsjett</b>	<b>- 431 372</b>	<b>- 417 576</b>	<b>- 13 796</b>
Reduksjon inntekt Mikrobiologi			2 500
Auka inntekt Patologi			- 220
Sum av justeringar av inntekter i klinisk verksemd iht prognose			- 227
Prisendring			- 15 849
<b>Sum endring</b>			<b>- 13 796</b>

Inntekter innsatsstyrt finansiering (ISF) er i utgangspunktet ei vidareføring av budsjett 2023 for både eigne pasientar og gjestepasientar. Unnateke her er Hud poliklinikken der me har ein auke i tall DRG-poeng som kompenserer for eit redusert tall konsultasjonar (eigenbetaling) i høve perioden før pandemien.

Endring innan refusjon frå Helfo for laboratoria har bakgrunn i forventa endring av aktiviteten. For mikrobiologisk avdeling er inntektsbudsjettet redusert med 2.5 millionar kroner i høve 2023. Med denne endringa representerer budsjett 2024 ei normalisert drift både med omsyn til mengd analyser og inntekter, men også varekostnadar som er tilsvarande redusert, sjå nedanfor.

## Varekostnader:

Følgjande tabell oppsummerer endringar i varekostnader:

Varekost og øvrige kostnader	B24	B23	B24-B23
<b>Budsjett</b>	<b>341 106</b>	<b>315 245</b>	<b>25 861</b>
Styrking av H-resept, medikament			1 500
Styrking av medisinsk heimebehandling			5 000
Styrking av nevromedikament			2 000
Styrking kreftmedikament			15 000
Justering budsjett varekostnad patologi			500
Nedjustering varekostnad Mikrobiologi			- 2 812
Nedjustering portokostnad, røntgen			- 191
Nedjustering varekost dialyse og medisinsk sengepost FSS			- 802
Nedjustering varekost dialyse NSH			- 107
Gjestepasient kostnader Feiring			- 993
Feilbudsjettering 2023 - Læring og Meistring			- 809
Reduksjon kjøp av lab prøver utanfor HV			- 700
Prisendring			8 275
<b>Sum endring</b>			<b>25 861</b>

H-resept medikament, medisinsk heimebehandling og medikament er samla styrka med 24 millionar kroner i budsjett 2024. Som ROS-analysen i kapittel 7 syner, så er det likevel desse områda som har størst risiko i budsjettet for Medisinsk klinikk.

## Personalkostnad:

Samla har personalbudsjettet ein auke på 43,6 million kroner i høve budsjett 2023. Følgjande tabell oppsummerer endringane frå 2023 til 2024:

Lønn- og personalkostnader	B24	B23	B24-B23
<b>Budsjett</b>	<b>790 060</b>	<b>746 427</b>	<b>43 633</b>
Tiltak lagt inn i budsjett - lønskostnad			- 3 185
Oppbudsjettering reisekostnad			431
Reduksjon av sjukepengrefusjon			1 596
Styrking av fastlønn budsjett iht faktiske lønskostnader			2 942
Justering pensjon			9 751
Prisendring			32 097
<b>Sum endring</b>			<b>43 633</b>

I budsjett 2024 er det lagt inn innsparingstiltak på 3,2 millionar kroner innanfor personalområdet. Tiltaka er nærare oppsummert i tiltakstabellen.

**Tiltak:**

Med utgangspunkt i dei skisserte endringane frå drift 2023 til budsjett 2024, har medisinsk klinikk følgjande tiltak i budsjett 2024:

<b>Oppsummert tiltak budsjett 2024</b>	
Auke inntektsbudsjettet	- 100
Innsparing varekost	- 100
Innsparing lønnskostnader	- 3 185
<b>Sum tiltak</b>	<b>- 3 385</b>

<b>Tiltak budsjett 2024</b>	
<b>Patologisk avdeling:</b> Inntektsauke Helfo	- 100
<b>Mikrobiologi:</b> Reduksjon varekost	- 100
<b>Medisinsk sekretærtjeneste:</b> Reduksjon overtid/ekstrahjelp	- 150
<b>Radiologisk avdeling:</b> Reduksjon overtid/ekstrahjelp	- 300
<b>Samhandling og tverrprofesjonelle tenester:</b> Vakansar	- 100
<b>Nevrologi, revmatologi og rehabilitering:</b> Reduksjon overtid	- 100
<b>Barne- og Ungdomsavdelinga:</b> Reduksjon overtid legar	- 400
<b>Medisinsk avdeling:</b> Personalkostnad dialyse FSS	- 1 235
<b>Kreftavdelinga:</b> Reduksjon vikarbudsjett legar	- 400
<b>Hud:</b> 80% sjukepleiar	- 500
<b>Sum netto tiltak</b>	<b>- 3 385</b>

Det er utarbeidd eigen overordna ROS analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7.

## 4 Aktivitet

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Plan 2023	Plan 2024	Endring B24 - B23
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	13 571	12 886	13 328	13 509	13 821	<b>13 914</b>	93
DRG-poeng H-resept	A	1 711	1 827	1 723	1 980	1 985	<b>1 985</b>	0
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	164	193	235	199	234	<b>234</b>	0
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	15 446	14 906	15 286	15 688	16 040	<b>16 133</b>	93
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	40	15	15	15	31	<b>0</b>	-31
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	15 322	15 322	15 066	15 503	15 837	<b>15 899</b>	62
Tal dagbehandling		9 341	9 708	10 214	9 265	9 300	9 995	695
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 934	9 431	9 841	9 598	10 000	9 226	-774
Tal polikliniske konsultasjonar		52 634	51 952	56 432	56 135	54 880	59 045	4 166

Budsjettert tal produserte DRG-poeng for døgn/dag/poliklinikk er auka med 93 poeng. 31 poeng som kompensasjon i inntektsbudsjettet for redusert bruk av Feiring klinikken. 62 poeng som konsekvens av omlegging av aktivitet på Hud poliklinikken. Utover dette er det internt i klinikken gjort ei omfordeling av budsjetterte DRG poeng i tråd med korleis aktiviteten har vore fordelt avdelingane i mellom i 2023.

Budsjettert tal dagbehandlingar innanfor dei ulike einingane i klinikken syner følgjande:

Dagopphald-dagbehandling	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Plan 2023	Plan 2024	Endring B24-B23
Dialyse Førde	2 350	2 225	2 177	1 825	1 864	<b>1 846</b>	-18
Dialyse Lærdal	1 403	1 407	1 396	1 350	1 360	<b>1 675</b>	315
Dialyse Eid	1 012	661	862	995	1 026	<b>858</b>	-168
Medisinsk seksjon Førde	53	40	54	47	58	<b>58</b>	0
Kreft poliklinikk	2 954	3 029	2 981	3 097	3 070	<b>3 421</b>	351
Hud poliklinikk samla	11	18	12	12	11	<b>57</b>	46
Barne poliklinikk Førde	117	376	352	112	93	<b>90</b>	-3
Medisinsk poliklinikk Førde	598	450	437	407	415	<b>455</b>	40
Medisinsk poliklinikk Lærdal	294	418	569	862	854	<b>758</b>	-96
Medisinsk poliklinikk Eid	454	540	560	533	530	<b>738</b>	208
Nevrologisk poliklinikk Førde	95	544	814	25	19	<b>39</b>	20
<b>Sum dagopphald</b>	<b>9 341</b>	<b>9 708</b>	<b>10 214</b>	<b>9 265</b>	<b>9 300</b>	<b>9 995</b>	<b>695</b>

Tal dagbehandlingar for dialysepasientar er justert i høve forventa tal pasientar, inklusive heimedialyse. Det er ein markert auke i tall dagpasientar kreft. Plan for 2024 er sett tilsvarende prognose for 2023, det vil seie med ein klar auke i aktivitet og inntektsbudsjett.

Heildøgnsopphald	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Plan 2023	Plan 2024	Endring B24-B23
Barne sengepost Førde	656	585	698	709	683	<b>542</b>	-141
Medisinsk sengepost 1 og 2 Førde	3 925	4 085	3 974	3 633	4 032	<b>3 626</b>	-406
Medisinsk sengepost Lærdal	1 464	1 439	1 586	1 774	1 689	<b>1 575</b>	-114
Medisinsk sengepost Eid	1 721	1 457	1 653	1 673	1 693	<b>1 590</b>	-103
Kreft sengepost	740	637	740	664	707	<b>738</b>	31
AFMR - sengepost ANRR	34	34	29	42	34	<b>46</b>	12
Nevrologi - sengepost ANRR	1 382	1 185	1 146	1 095	1 152	<b>1 099</b>	-53
Revmatologi - sengepost ANRR	12	9	15	8	10	<b>10</b>	0
<b>Sum heildøgn opphald</b>	<b>9 934</b>	<b>9 431</b>	<b>9 841</b>	<b>9 598</b>	<b>10 000</b>	<b>9 226</b>	<b>-774</b>

Tall sjukehusopphald er ei vidareføring av prognose for 2023. Medisinsk klinik registrerer ein tydeleg reduksjon av innleggjande pasientar i Førde, med unnateke av i kreftavdelinga. Inntektsbudsjettet knytt til innleggjande pasientar er difor redusert tilsvarende. Utviklinga er positiv sett i høve nye Førde sjukehus der våre avdelingar skal drifte med eit lågare sengetal.

Polikliniske konsultasjoner - ISF godkjente	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Plan 2023	Plan 2024	Endring B24-B23
Pediatriisk poliklinikk Førde	4 049	3 787	3 958	3 709	3 655	<b>4 203</b>	548
Pediatriisk poliklinikk Eid	294	225	197	127	111	<b>113</b>	2
Pediatriisk poliklinikk Lærdal	58	43	48	40	29	<b>52</b>	23
Hud poliklinikk samla	12 930	12 541	12 576	11 271	10 920	<b>11 674</b>	754
Medisinsk poliklinikk Førde	11 446	11 882	13 187	13 299	12 951	<b>13 531</b>	580
Medisinsk poliklinikk Eid	5 238	4 855	5 735	5 067	5 130	<b>5 539</b>	409
Medisinsk poliklinikk Lærdal	2 797	2 838	3 368	3 883	3 974	<b>3 841</b>	-133
Medisinsk poliklinikk Florø	183	292	281	505	406	<b>453</b>	47
Kreft poliklinikk	2 651	2 784	3 311	4 046	4 070	<b>4 263</b>	193
Barnehabilitering	129	142	150	454	413	<b>535</b>	122
AFMR	3 065	3 808	4 961	4 916	4 626	<b>4 901</b>	275
Nevrologisk poliklinikk	4 736	3 835	4 332	4 598	4 334	<b>5 479</b>	1 145
Revmatologisk poliklinikk	5 058	4 920	4 328	4 220	4 261	<b>4 462</b>	201
<b>Sum poliklinikk</b>	<b>52 634</b>	<b>51 952</b>	<b>56 432</b>	<b>56 135</b>	<b>54 880</b>	<b>59 045</b>	<b>4 166</b>

I budsjettet for poliklinisk aktivitet har ein teke utgangspunkt i prognosen for aktivitet i 2023. Dette utgjer ei markert auke i tal konsultasjonar i høve plan for 2023.

## 5 Bemanning

### Månadsverk:

Tabellen under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i medisinsk klinikk. Endring er i høve forbruk 2023. 2019 er teke med som eit referanseår før koronapandemien.

Netto månadsverk	Snitt 2019	Snitt 2022	Snitt jan-nov 2023 (A)	Budsjett 2024 (B)	Endring B-A	Merknad
Avdeling for medisinske sekretærenester	42	43	42	42	0,0	
Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering (ANRR)	51	52	53	53	0,0	
Avdeling for patologi	14	17	18	18	0,0	
Barne- og ungdomsavdeling	48	49	48	48	-0,5	tiltak variabel lønn - 0,5
Hud avdeling	13	11	11	11	0,0	
Kreftavdelinga	40	41	44	44	-0,5	tiltak variabel lønn - 0,5
Lab. medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)	49	47	47	48	1,0	Bioingeniør LSH
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	35	34	38	38	0,0	
Medisinsk avdeling	226	238	237	235	-2,0	tiltak variabel lønn
Mikrobiologisk avdeling	18	23	21	22	1,0	LIS lege
Radiologisk avdeling	55	55	56	56	-0,5	tiltak variabel lønn - 0,5
Klinikk medisin felles	3	4	3	3	0,0	
<b>Sum Medisinsk klinikk</b>	<b>594</b>	<b>614</b>	<b>618</b>	<b>617</b>	<b>-1,5</b>	

## 6. Budsjettprosess

Det har frå august månad vore involvering av tillitsvalde og verneteneste i budsjettprosessen i alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg med tilhøyrande ROS-analyse innanfor si tildelte ramme.

Prosess vedr. budsjett 2024		
Møtedato	Deltakarar	Tema
27. april	Avdelingssjefar	Prognose 1 - 2023 levert
25. august	Klinikkdirektør	Innspel realendringar budsjett 2024
7. - 8. september	Avdelingssjefar	Samling Florø. Budsjett 2024 tema.
12. september	Klinikkdirektør	Budsjetttrammer og realendringar handtert i føretakslleinga.
25. september	Avdelingssjefar	Gjennomgang godkjente realendringar og førebels ramme
26. september	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om rammer og prosess
15. oktober	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 2- 2023 ferdig
oktober-november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Budsjett fast tema på alle leiarmøter og klinikkråd
10. november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Frist for å levere budsjett i høve tildelt ramme. Utarbeiding av budsjett på konto nivå med involvering av tillitsvalde og vernetenesta. ROS analyse på avdelingsnivå.
15. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om budsjett 2024
22. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Drøftingsmøte om budsjett 2024
29. november	KAMU	Informasjon budsjett 2024

## 7. Overordna ROS analyse budsjett 2024

Risikomatrix						
Konsekvens (1-5)						
		1. Ubetydeleg (ikkje alvorleg)	2. Liten (mindre alvorleg)	3. Moderat	4. Alvorleg	5. Svært alvorleg/kritisk
Sannsynleg (1-5)	5. Svært stor			2a, 2b, 2c, 2d		
	4. Stor			3b		
	3. Moderat			1a, 1b	3a, 5	
	2. Liten			4		
	1. Svært liten					

Nr	Område	Hending	San 1-5	Kon 1-5	Risiko San x Kon	Kommentarar/tiltak	Ansvar
1a	Pasientinntekter	Når ikkje inntektsbudsjettet i ein/fleire kliniske avdelingar	3	3	9	Inntektsbudsjett sene-postar er samla redusert i klinikken og i tråd med utviklinga. Auka inntektsbudsjett for dag og polikliniske område i B24.  - Månadleg oppfølging av aktivitetstal og koding (ISF inntekter).	Klinikkdirektør og kontrollar
1b	Inntekter lab/radiologi	Når ikkje inntektsbudsjettet i laboratorieavd. og radiologisk avd.	3	3	9	Usikkerheit knytt til mikrobiologisk avdeling trass nedjustert inntektsbudsjett.  - Månadleg oppfølging.	Klinikkdirektør og kontrollar
2a	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett for kostbare medikament inne på sjukehusa (immunterapi, cytostatika m.m.)	5	3	15	Realendring 15 mill. gir auka budsjetttramme, men vekst innan området kreftbehandling blir truleg større. - Konsekvens moderat då helseforetaket ikkje stoppar pasientbehandling. - Månadleg oppfølging av medikamentkostnader	Klinikkdirektør og kontrollar, Avdelingsjef kreftavdelinga
2b	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett for HF-finansierte legemiddel	5	3	15	Realendring 5 mill. innanfor H-resept gir auka budsjetttramme, men vekst innan området kan bli større. - Konsekvens moderat då helseforetaket ikkje stoppar pasientbehandling. - Uendra satsing på legemiddeløkonomi innan H-reseptområdet ved å nytte LIS-avtalar.	Klinikkdirektør og 5 avdelingar: Medisin, kreft, barn, ANRR.
2c	Varekostnad	Utilstrekkeleg budsjett til behandlingshj. middel og forbruksmateriell jmf kostnadsnivå 2021	5	3	15	- Konsekvens moderat då helseforetaket ikkje stoppar pasientbehandling. - Auke i prisar samt tal pasientar med behandlingstiltak innan nokre pasientkategoriar.	Seksjonsleiar MHB, avd.sjef, klinikkdirektør



2d	Varekostnad	Utlitstrekkelig budsjett til å dekke øvrige varekostnader (laboratorier, radiologi, kliniske avdelingar)	5	3	15	Vi har prisauke innanfor alle område av varekostnader.  - Følge regionale og nasjonale innkjøpsavtalar.	
3a	Risiko ved tiltak for redusert personalkostnad	Budsjetttiltak innan personalområdet fører til redusert HMS med t.d. auka sjukefravær	3	4	12	Budsjetttiltak på redusert bruka av overtid og ekstravakter i alle avdelingar.  -Følge opp HMS handlingsplanane.  -HMS-avvik følgast av KD og HVO samt KAMU.  -Oppfølging av sjukemeldte: Tiltak med månadlege oppfølgingsmøter HR/NAV/BHT	Leiarar på alle nivå, HR-rådgjevar, HVO
3b	Personalkostnad	Lukkast ikkje redusere personalkostnader i avdelingane	4	3	12	-Følgje opp planlagde tiltak og endringar på alle tre sjukehus  -Arbeide med rekruttering og stabilisering, oppgåvedeling og effektivisering gjennom teknologi.	Avdelingssjefar og klinikkdir.
4	Kompetanse	Ikkje tilstrekkeleg budsjett til å syte for nødvendige kompetansetiltak (spesialistutdanning LIS, vidareutdanningar spl., terapeutar m.fl.)	2	3	6	Knapt budsjett i dei fleste avdelingar, men nok til dei høgst prioriterte vidareutdanningane.	
5	Pasienttryggleik	Budsjetttiltak innanfor variabel løn-området inneber reduksjon av kvaliteten i tilboda til pasientar, t.d. fleire fristbrot, lengre ventetid for høgt prioriterte (t.d. pakkeforløp kreft), redusert kvalitet for inneliggande pasientar (uønska hendingar, skadar e.l.a.)	3	4	12	Redusert bruk av overtid vil kunne redusere kapasitet for pasientbehandling.  Månadleg oppfølging av avviksmeldingar, ventetider, fristbrot osv.  Ømprioriteringar og tiltak ved behov.	